


Kvamsmyr

Namn på plassen	Kvamsmyr, Sundlimyr
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM32 7014946N 542442Ø
Høgde moh	150
Tilstand	
Plass under	Kvammen
Gnr. Bnr.	Under 21/5.
Tidsperiode	1847-85
Nils Erichsen	1847-78
Mari Amundsdr	1878-85
Omtale:	



Flyfoto 1957



Første husmann på Kvamsmyr var Nils Eriksen født 1795. Han var gift med Kari Ludvigsdtr født i 1789. Begge var født i Fron i Gudbrandsdal. Dei fekk borna Ole i 1830 i Fron i Gudbrandsdal og Johan i 1835. På denne tida var dei husmannsfolk på Sundlieggen. Kari døydde i 1839.

I 1843 vart Nils gift oppatt med Mari Amundsdr født 1813, også født i Froen i Gudbrandsdal. Dei fekk tre born, Karen i 1842, Ingeborg i 1845 og Maren i 1847. I 1847 bodde dei på Kvamsmyr.

Ved folketellinga i 1865 bodde dei på Kvamsmyr med borna Ingeborg og Karen. Karen var gift med Martinus Evensen, og dei bodde i 1875 på Gjesvålløkken.

Ifølge Orkdalsboka III side 102 kjøpte Nils Eriksen Kvamsbakken i 1848. Likevel står han oppført som husmann ved folketellinga i 1865, mens han i 1875 står oppført som gardmann under Sundli. Her må noko være feil. Sannsynlegvis var han husmann på Kvamsmyr også i 1875. Ved folketellinga i 1875 bodde Ingeborg fremdeles hos foreldra, men var ugift.

Nils døydde i 1878 på Sundlimyr og Mari i 1885 på Kvamsmyr. Det er siste gang plassen er omtalt. Kvamsmyr og Sundlimyr må være samme plassen

Folketelling 1865

Fornavn	Etternavn	Famstatus	Yrke	Siv.st.	Alder	Kjønn	Fødested
Nils	Eriks.		Husmand med Jord	g	70	m	Froen i Gudbrandsdal
Mari	Amundsdr.	hans Kone		g	52	k	Froen i Gudbrandsdal
Ingeborg	Nilssd.	deres Datter		ug	21	k	Ørkedalen
Mortinus	Evens.		Veiarbeider	g	30	m	Ørkedalen

Karen	Nilsd.	hans Kone		g	23	k	Ørkedalen
Elling	Tores.		Vedhugger og Træsker	e	40	m	Ørkedalen

Folketelling 1875

Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Fødested	Fødselsår
Nils	Eriks.	hf	87	g	Gardmand og Hegtemager	M	Nordre Froen	1788
Mari	Amundsd.	Kone	59	g	Hans Kone	K	Søndre Froen	1816
Ingeborg	Nilsd.	d	29	ug	Hjelper Forældrene	K	Ørkedalen	1846
Johanna	Andersd.	d til Anders Hesteskjerer	25	ug	Sypige	K	Melhuus	1850